Statsadministrasjonen

# Dokumentliste

Sak

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR BERGSTØLEN SAMEIGE OG BERGSTØLEN FJELLSTUE,
BERG NORDRE, GNR.88, TORESGÅRD, GNR.89,
ÅL KOMMUNE, BUSKERUD.

| Dok.nr. | Dato | Dokument (type, tittel) | Merknader |
|---|---|---|---|
| 1 | 28.06.85 | Brev fra Ål kommune til U.O. | |
| 2 | 01.08.85 | Innberetning ved Kjelaug Hov. | |
| 3 | 15.08.85 | Brev fra U.O. til Ål kommune. | Ref.1481/88THH/GI |
| 4 | 01.10.86 | Vedtak i Ål kommunestyre | |
| 5 | 30.06.88 | Vedtak om endring av reg.forslag. | |
| 6 | 24.10.88 | Notat fra Inge Lindblom. | Fornminner(tufter) |
| 7 | 25.11.88 | Brev fra U.O. til Ål kommune. | |
| 8 | 30.01.89 | Utskrift fra møteprotokollen. | Fornminnene vil bli reguert til spesialområde. |
| 9 | 21.04.89 | Brev til U.O. fra Einar Marstrander. | |

X-0039 B/N. (Godkj. januar 1983.) På lager i Trykksakekspedisjonen

160 000 9 87 GRYTTING AS. ORKANGER

**ÅL KOMMUNE**
TEKNISK ETAT
Postboks 115, 3570 Ål
Tlf. (067) 81 011

7



1.

OLDSAKSAMLINGEN
J.nr. 001418 01 JULI 85
SAKSB. AEC ARK.Nr.

*REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET BERGSJØSTØLEN SAMEIGE OG BERGSJØSTØLEN FJELLHYTTE.*

Planen er behandla i møte i Ål bygningsråd den 11. juni 1985, sak 74/85.

For uttale oversendast følgjande dokumentliste:

1. Utskrift av møtebok for Ål bygningsråd, datert 11.06.85.
2. Reguleringsføresegner., samt reguleringsplan.

Følgjande høyringsorgan skal uttale seg innan 1. august 1985.:

- GRUNNEIGARANE
- TILGRENSANDE SAMEIGE
- BUSKERUD FYLKESKOMMUNE, PLAN- OG NÆRINGSKONTORET
- VEGSJEFEN I BUSKERUD
- UNIVERSITETET I OSLO, OLDSAKSAMLINGEN
- FYLKESMANNEN I BUSKERUD, MILJØAVDELINGEN
- ÅL HELSERÅD
- ÅL FRILUFTSNEMND
- ÅL VILTNEMND
- ÅL INNLANDSFISKENEMND
- ÅL LANDBRUKSNEMND
- ÅL KRAFTVERK

Teknisk etat, Ål den 28.juni 1985

Geir Haugland
avd.ing.

vedlegg

# Utskrift av møtebok

for **ÅL BYGNINGSRÅD**

i møte den **11. JUNI 1985**

Av **5** medlemer var **5** til stades (møtande varamenn medrekna).

**SAK 74/85** **REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET BERGSJØSTØLEN SAMEIGE OG BERSJØSTØLEN FJELLHYTTE.**

**MERKNADER :**

Viser til bygningsrådet si førehandsuttale i sak 15/85, der det ble vedteke synfaring på berr mark før endeleg vedtak.
Vidare tilrådde bygningsrådet at alle hyttene ble lagt til feltet ved Vesle Bergsjø.

Planen viser byggeområde for fritidsbusetnad, byggeområde for turistbedrift og landbruksområde.

I hytteområdene er det planlagt 16 nye hytter. Alle hytter er lagt til området ved Vesle Bergsjø som tilrådd i bygningsrådet si førehandsuttale.
I byggeområdet for turistbedrift er det føreslege at bygg kan oppførast i inntil 2 etasjer samt underetasje.

Planen blir fremja som forenkla plan, jfr. bygningslovas § 26 nr.2.
Det er framlagt utbyggingsplan for byggeområdene.

FRAMLEGG TIL VEDTAK :

ÅL BYGNINGSRÅD VEDTEK Å FREMJA FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET BERGSJØSTØLEN SAMEIGE OG BERGSJØSTØLEN TURISTHYTTE MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER DATERT 10.06.85.

PLANEN BLIR UTLAGT TIL OFFENTLEG ETTERSYN, OG SENDT HØYRINGSINSTANSANE FOR HANDSAMING/UTTALE.

**BYGNINGSRÅDET SITT VEDTAK :**

**FRAMLEGGET FRÅ SAKSHANDSAMAR VERT GODKJENT.**

Rett utskrift: Ål, den 11. juni 1985

Geir Haugland / avd.ing.

Utskrift går til:
BYGGHERRESERVICE, gol
Høyringsinstansane

Nr 2572 L Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo. 12 - 79

REGULERINGSFØRESEGNER I TILKNYTNING TIL REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET BERGSJØSTØLEN SAMEIGE OG BERGSJØSTØLEN FJELLHYTTE.
ÅL KOMMUNE.

---

## A. GENERELT.

§ 1. DET REGULERTE OMRÅDE ER PÅ PLANKART DATERT 27.02.1985 VIST MED REGULERINGSGRENSE.

§ 2. REGULERINGEN OMFATTER IKKJE PLASSERING AV BEBYGGELSE.
FØR BYGGJEMELDING HANDSAMAST, SKAL DET LIGGJA FØRE TOMTEDELINGS- OG BEBYGGELSESPLAN GODKJENT AV BYGNINGSRÅDET.
BEBYGGELSESPLANEN SKAL OMFATTE SÅ STOR DEL AV PLANOMRÅDET SOM BYGNINGSRÅDET FINN AT BØR DETALJPLANLEGGJAST SAMLA.

## B. BYGGEOMRÅDE FOR TURISTBEDRIFT.

§ 3. INNEN BYGGEOMRÅDET FOR TURISTBEDRIFT KAN OPPFØRAST BYGNINGER PÅ 2 ETASJER MED TILLEG AV UNDERETASJE. BETJENINGSBUSTADER KAN OPPFØRAST I BYGGEOMRÅDET.
DET BLIR TILLATT EIN UTNYTTINGSGRAD PÅ 0,35.

§ 4. BYGNINGENE SKAL HA SALTAK, ENHETLEG OG HARMONISK FORM OG GOD MATERIALBEHANDLING. UTVENDIG FARGE SKAL GODKJENNAST AV BYGNINGSRÅDET.

§ 5. DET SKAL OPPARBEIDAST TILSTREKKJELEG PARKERINGSPLASSER FOR TURISTBEDRIFTAS BEHOV.

## C. BYGGEOMRÅDE FOR FRITIDSBUSETNAD.

§ 6. INNEN BYGGEOMRÅDENE SKAL OPPFØRAST HYTTER I 1 ETASJE I DET ANTALL SOM ER PÅFØRT PLANKARTET.
BEBYGGET GRUNNFLATE PR. TOMT SKAL IKKJE OVERSTIGE 100 $M^2$.
BYGNINGSRÅDET KAN TILLATE OPPFØRING AV FRITTSTÅANDE UTHUS/ANNEKS.

§ 7. DEN PLANLAGTE BEBYGGELSE SKAL TILPASSAST BEBYGGELSEN I OMRÅDET MED OMSYN TIL TAKFORM, MATERIALBRUK. UTVENDIG FARGE, HERUNDER FARGE PÅ TAK, SKAL GODKJENNAST AV BYGNINGSRÅDET.

§ 9. VATN KAN IKKJE INNLEGGJAST I DEI EINSKILDE HYTTENE FØR DET LIGG FØRE GODKJENT AVLØPSPLAN FOR HEILE UTBYGGINGSOMRÅDET.

§ 10. GJERDE RUNDT DEI EINSKILDE HYTTENE BØR IKKJE TILATAST.

## D. LANDBRUKSOMRÅDET.

§ 11. I DETTE OMRÅDET ER DET IKKJE TILLATT Å DRIVE VIRKSOMHET ELLER OPPFØRE BYGG ELLER ANLEGG SOM ETTER BYGNINGSRÅDET SITT SKJØNN ER TIL HINDER FOR OMRÅDETS BRUK SOM LANDBRUKS-/SKOGSOMRÅDE.

## E. FELLESFØRESEGNER.

§ 12. EKSISTERANDE VEGETASJON BEVARAST SÅ LANGTSOM RÅD.

§ 13. MINDRE VESENTLEGE UNNATAK FRA DESSE FØRESEGNENE KAN, NÅR SÆRLEGE GRUNNAR TALER FOR DET, TILLATAST AV BYGNINGSRÅDET INNAFOR RAMMA AV BYGNINGSLOVA OG BYGGEFORSKRIFTER.

BYGNINGSSJEFEN I ÅL
DEN 04.06.1985

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

postmottak@khm.uio.no



C

B

A

Dato
27.02.85

Konstr. Tegnet

Godkjent

Målestokk
1 : 5000

Erstatning for:

Erstattet av:

OVERSIKTSPLAN.
BERGSJØSTØLEN SAMEIGE
BERGSJØSTØLEN FJELLSTUE
3570 ÅL

BYGGHERRESERVICE
STEINGRIM LIVGARD
3550 GOL

Henvisning

3 2 1

2

UNIVERSITETETS
OLDSAKSAMLING
FREDERIKS GATE 2
OSLO 1

| | |
|---|---|
| Gårds/bruksnavn<br>Berg nordre:Toresgård | |
| G.nr./br.nr.<br>88:89 sameige | |
| Kommune<br>Ål | Fylke<br>Buskerud |
| Sogn | Prestegjeld |
| Eier/bruker, adr. | |
| Gjelder: Reguleringsplan for Bergsjøstølen sameige og Bersjøstølenfjellhytte. | |
| Flyfoto | Kartref. |
| Innber./rapport/reg. ved:<br>Kjellaug Hov | Dato<br>01.08.85 |

Det ble ikke funnet fornminne innen utbyggingsområdet.

Kjellaug Hov

Kjellaug Hov

Her har jeg tatt grundig i akkurat
utbyggingsområdene. Fant ingen
ting. Det er for sumpig rundt
vesle Bergsjø. Tok flere prøvestikk
som vist på kartet.
Hva skal vi gjøre med varder?
Hva står de for? Noen må vel
regnes som nye. Vardene er av
type 2-3 små reiste steiner, altså
veldig små. Er de

ÅL KOMMUNE
TEKNISK ETAT

TORGET 1 – 3570 ÅL
TLF: 067/81 011
POSTGIRO: 5 50 09 05
BANKGIRO: 2320.20.29 531

OLDSAKSAMLINGEN
J.nr 002079 02 OKT 86
SAKSB. PON ARK.Nr.

4

| Journalnr.: | Arkiv nr.: | Dato: |
|---|---|---|
| 1522/86 | 504 | 01.10.86 |

ÅL FRILUFTSNEMND, 3570 ÅL
ÅL INNLANDSFISKENEMND, 3570 ÅL
ÅL VILTNEMND, 3570 ÅL
ÅL HELSE- OG SOSIALUTVAL, 3570 ÅL
UNIVERSITETET I OSLO, OLDSAKSAMLINGA, OSLO

VEDR.: REGULERINGSPLAN FOR BERGSJØSTØLEN SAMEIGE OG BERGSJØSTØLEN FJELLHYTTE

---

Vedlagt vert oversendt Ål kommunestyre sitt vedtak på eigengodkjenning av ovannemnde plan, samt kopi av rådmannen sin begrunna innstilling til formannskapet.

Med helsing

Laila Pedersen
Laila Pedersen
ktr.flm.

Vedlegg

ÅL KOMMUNE, TEKN. ETAT
J.nr 971 1986
Arkiv: 504
GÅR TIL:
TIL ORIENTERING

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for ÅL KOMMUNESTYRE

i møte den 28. AUGUST 1986

Av 25 medlemmer var 25 til stades, møtande varamenn medrekna

---

K.SAK
126/86. EIGENGODKJENNING AV REGULERINGSPLAN FOR BERGSJØSTØLEN SAMEIGE OG BERGSJØSTØLEN FJELLHYTTE.
ARKIV 504

Punkt 1: samrøystes vedtake:
Punkt 2: vedteke med 19 mot 6 røyster:

1. Ål kommunestyre eigengodkjenner i medhald av bygningslova § 27 pkt. 6, reguleringsplan med tilhøyrande reguleringsføresegner for Bergsjøstølen sameige og Bergsjøstølen fjellstue i samsvar med vedtak i Ål bygningsråd i sak 117/85, og revidert reguleringsplan dagsett 12.04.86.

2. Kommunestyret tilrår at § 55 i jordlova vert gjort gjeldande for hyttetomtene innan reguleringsplan.

Rett utskrift, Ål formannskapskontor 1. september 1986

Kirsten Sollien
Kirsten Sollien
ktr.flm.

Vert sendt: Bergsjøstølen sameige v/Ola T. Skarsgard
Sigurd Berg
Håkon Berg
Bergsjø Fjellhytte
Rødungstølen Sameige v/Bjørn Lien
Ragnar Fuglesang, Munkengvn. 10, 0376 Oslo 3
Hytteeigarar i området v/Anne Kathrine Bjerke,
Gartnervn. 10, 1340 Bekkestua
Byggherreservice v/Steingrim Livgard
Teknisk etat
Fylkesmannen i Buskerud

K.SAK 86/126 F.SAK 86/259



*EIGENGODKJENNING AV REGULERINGSPLAN FOR BERGSJØSTØLEN SAMEIGE OG BERGSJØSTØLEN FJELLHYTTE.*

A. 504.

ByggHerreService har utarbeidda reguleringsplan for Bergsjøstølen sameige.

Planen omfattar heile sameiget på omlag 5.000 da. Avgrensinga er såleis i samsvar med Ål kommunestyre sitt vedtak i K.sak 102/83. Vedtaket den gong var slik:

"Ål kommunestyre kan ikkje godta framlegget til reguleringsplan for Berg Nedre sin stølseigedom, gnr. 88, bnr. 2.
Saka vert sendt attende til bygningsrådet, i det kommunestyret ber om at det vert utarbeidd ein plan for heile sameiga, jfr. brev dagsett 23.06.83 og 11.08.83 frå eigarane i sameiga."

Reguleringsplanen gir rom for 11 nye hytter i eit felt sørvest for Vesle Bergsjø og ei fortetning av feltet nordvest for Vesle Bergsjø med 5 hytter, tilsaman 16 hytter.

Saka har vore handsama i bygningsrådet 23.01.85; sak 15/85, og 24.09.85, sak 117/85. Planen har vore lagt ut til offentleg ettersyn i tida 20.06. - 20.07.85.

Fylkeslandbruksstyret i Buskerud har handsama reguleringsplanen i møte den 20.01.86, Sak 5 J, og gjort slikt vedtak:

"Buskerud fylkeslandbruksstyre har ingen merknader til reguleringsplan for Bergsjøstølens sameige i Ål - plan sist datert 27.2.85."

Vedlegg:
1. Reguleringsplan for Bergsjøstølen sameige (1 eks. til kvar partigruppe).
2. Reguleringsføresegner dagsett 04.06.85.
3. Utskrift av møtebok for Ål bygningsråd, sak 117/85.

Dei andre dokumenta i saka ligg ved formannskapskontoret. Saka vart oversendt dit 11.06.86.

RÅDMANNEN SINE MERKNADER.

Utbygginga i reguleringsplanen for Bergsjøstølen sameige ligg innanfor område klassifisert som fleirbruksområde i landbruksfagleg arealvurdering for Ål kommune. Arealet er etter økonomisk kartverk klassifisert som anna jorddekt fastmark. Vegetasjonen er vesentleg morene og lyng.

For Bergsjøstølen Turisthytte er nærliggjande areal tillagt turistbedrifta for framtidig utbygging.

Reguleringsplanen har så langt eg kan sjå vorte handsama i samsvar med føresegnene i bygningslova. Buskerud Fylkeskommune v/plan- og næringskontoret sine merknadar er i det vesentlege innarbeidda i planen. Det ligg ikkje føre innvendingar/merknadar frå andre offentlege organ som skulle vere til hinder for eigengodkjenning.

Bygningsrådet har valgt å sjå bort frå dei privatrettslege innvendingar

som har kome mot fleire hytter i området. Rådmannen er samd i at dette er gjort.

Formannskapet vert tilrådd å gjere slikt

*FRAMLEGG:*

Ål kommunestyre eigengodkjenner i medhald av bygningslova § 27, pkt. 6, reguleringsplan med tilhøyrande reguleringsføresegner for Bergsjøstølen sameige og Bergsjøstølen fjellstue i samsvar med vedtak i Ål bygningsråd i sak 117/85, og revidert reguleringsplan dagsett 12.04.86.

ÅL FORMANNSKAPSKONTOR, den 23.juni 1986.

Karsten Øvretveit
Rådmann

UTSKRIFT AV MØTEBOK FOR ÅL FORMANNSKAP i møte 30. juni 1986
Sak 259/86

~~Av 7 medlemmer var 7 tilstades, møtande varamenn medrekna.~~

Samrøystes framlegg:

Framlegget frå rådmannen vert vedteke.

Eit fleirtal på 5 tilrår følgjande tillegg:

Kommunestyret tilrår at § 55 i jordlova vert gjort gjeldande for hyttetomtene innan reguleringsplanen,

ÅL KOMMUNE
TEKNISK ETAT
TORGET 1 – 3570 ÅL
TLF.: 067/81 011

 5

| Postnr.: | Arkivnr.: | Dato: |
|---|---|---|
| 4323/88 | 504 | 30.06.88. |

FRILUFTSNEMNDA I ÅL, 3570 ÅL.
VILTNEMNDA I ÅL, 3570 ÅL.
INNLANDSFISKENEMNDA I ÅL, 3570 ÅL.
LANDBRUKSNEMNDA I ÅL, 3570 ÅL.
FYLKESLANDBRUKSSTYRET I BUSKERUD, HAUGESGT. 89, 3019 DRAMMEN.
VEGSJEFEN I BUSKERUD, POSTBOKS 2265 - STRØMSE, 3001 DRAMMEN.
UNIVERSITETET I OSLO - OLDSAKSAMLINGA, FREDRIKSGT. 2, 0164 OSLO 1.

VEDR.: REGULERINGSPLAN FOR BERGSJØSTØLEN SAMEIGE OG BERGSJØSTØLEN FJELLHYTTE - ENDRING.

Vedlagt vert oversendt Ål kommunestyre sitt vedtak på eigengodkjenning av ovannemnde plan, samt kopi av rådmannen sin begrunna innstilling til formannskapet.

Med helsing
Dag Hovde
Dag Hovde
avd.ing.

...SAMLINGEN
7883 06 JUL 88
PON ARK.Nr.

Vedlegg.

REGULERINGSPLAN FOR BERGSJØSTØLEN SAMEIGE OG BERGSJØSTØLEN FJELLHYTTE.

Arkiv 504.

Denne saka gjeld endring av stadfesta reguleringsplan for det aktuelle område. Saka vart sist handsama i kommunestyret 17/2-1987.

./. Til orientering legg vi ved kopi av dokumentliste og utskrift frå teknisk hovudutval den 17/2-1988.

Til formannskapsmedlemmene legg vi også ved eit eks. av den justerte planen.

Alle dokument som går fram av lista ligg her til gjennomsyn for dei som måtte ønskje det.

Formannskapet vert tilrådd å gjere slikt

FRAMLEGG:

Ål kommunestyre godkjenner endringar i reguleringsplan for Bergsjøstølen Sameige og Bergsjøstølen Fjellhytte i samsvar med tilråding frå teknisk hovudutvalg i møte 17/2-1988 sak 17/88.

Det ligg ikkje føre motseiing mot planen og den blir difor eigengodkjent av kommunestyret.

ÅL FORMANNSKAPSKONTOR, den 1. mars 1988.

Olav Andersen
rådmann

Sigurd Flaget

UTSKRIFT AV MØTEBOK FOR ÅL FORMANNSKAP i møte 7. mars 1988
Sak 75/88

Av 7 medlemmer var 7 tilstades.

<u>Samrøystes framlegg:</u>

Framlegget frå rådmannen vert vedteke.

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for ÅL KOMMUNESTYRE

i møte den 24. mars 1988

Av 25 medlemmer var 25 til stades, møtande varamenn medrekna

---

K.SAK
38/88. REGULERINGSPLAN FOR BERGSJØSTØLEN SAMEIGE OG BERGSJØSTØLEN FJELLHYTTE.
Arkiv 504

Samrøystes vedtak:

Ål kommunestyre godkjenner endringar i reguleringsplan for Bergsjøstølen Sameige og Bergsjøstølen Fjellhytte i samsvar med tilråding frå teknisk hovudutval i møte 17.02.1988 sak 17/88.

Det ligg ikkje føre motseiing mot planen og den blir difor eigengodkjent av kommunestyret.

Rett utskrift, Ål formannskapskontor 28. mars 1988

Kirsten Sollien
Kirsten Sollien
ktr.flm.

Vert sendt: Bergsjøstølen sameige
v/Håkon Berg, Torstein S. Berg og Ola T. Skarsgard
Bergsjøstølen Fjellhytte
Hytteeigarane v/Anne K. Bjerke

Teknisk etat
Fylkesmannen i Buskerud

6

24.10.1988

Inge!

Kunne du merke av på vedlagte kartutsnitt hvor de skadde tuftene på Bergsjø ligger?
Ål kommune har ikke svart på henvendelsen om det er utarbeidet forslag for reguleringsplan i området.

Hilsen

Per Oscar

24/10 – 88

Her har du avmerking, dette er ikke helt nøyaktig. Hvis du trenger ~~[illegible]~~ større nøyaktighet før du skal ut i terrenget, kan jeg være behjelpelig med det.

Inge

UNIVERSITETET I OSLO

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00

UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

7

Ål kommune,
Teknisk etat,
Torget 1,
3570 Ål.

OSLO, 25. november 1988.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.:

VÅR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) PON/mh

FORNMINNER (HUSTUFTER FRA MIDDELALDEREN) VED VESLE BERGSJØ, BERG NEDRE, GNR. 88, ÅL KOMMUNE, BUSKERUD

Jeg viser til telefonsamtale med Dag Hovde den 15. november 1988. Den 28. juni 1985 sendte Ål kommune ut til høring forslag til reguleringsplan for Bergstølen sameige og Bergstølen Fjellstue.

I sin uttalelse 15. august samme år hadde Universitetets Oldsaksamling ingen merknader.

Høsten 1988 påpekte medlemmer av historielaget i Ål at det ./. ligger hustufter innenfor planområdet. Disse hustuftene er datert til middelalderen og de er meget interessante idet de kan si mye om bosetning og erverv ved Bergsjø i tidligere tider.

I det området tuftene er registrert er det planlagt hyttebebyggelse. Selv om vår henvendelse kommer noe sent håper vi at det er muligheter for å redde tuftene. Den tidlige vinteren gjør det ikke mulig å foreta en befaring nå, men en befaring kan finne sted med en gang området er snøbart.

Et medlem av Ål historielag har markert tuftene i marken med merkepinner.

Det vil glede oss hvis det er mulig å plassere hyttene slik at tuftene blir skånet.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget
forsker

Vedlegg: Kartutsnitt
Kopi: Inge Lindblom


1191,5
1169
1206,5
Bukkebergi
1175
Storetjørn
1140,5
1163
1138
1170
1150
Bukkestølen
1146
1150
1153
21 H
98 daa
1120
1125
Veavegtjørn
1123
1100
1150
1167
1100
1106
1100
vesle
Bergsjø
1093
Heimhøvdun
1117
4 H
40 daa
1150
1091
1094
1100
1143
Sameie
1084,5
Hetjørn
1111
1089
1075
1125

Herthordsstølen
Bergsjøstølen Sæterige
Rødungsstølen



8

OLDSAKSAMLINGEN
J.nr. C30428 06.02.89
SAKSB. Pon

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 25. januar 1989

Av 7 medlemer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

**T.SAK 19/89** **Bebyggelseplan for Bergsjøstølen sameige**
**2. gongs behandling**

Saksbehandlar: Narve Thorset

SAKSOPPLYSNINGAR:

Vi hadde denne saka til 1. gongs behandling 5.okt -87, i sak 179/88. Etter synfaring endra vi på eindel av hytteplasseringane. Vi la den deretter ut til off.ettersyn og det har kome inn fylgjande merknader:

BERGSJØSTØLEN SAMEIGE: Dei godtek T.H.'s pkt. 1 og 2 som går på flytting av tomt 10 og 12.
Pkt. 3,4 og 5 vedr. flytting av tomt 2, 3, 9 og 15 er dei usamd i.
Flytting av tomt 16 er dei også usamde i på grunn av at dei er redd for vansklege snøforhold.
Tomt 13 og 14 meinar dei er godkjent avdi dei var innteikna på reguleingsplan.
Dei godtek ikkje den oppretta utskrifta der desse hyttene ikkje vart godkjendt.
Ellers meinar dei at T.H. går for mykje i detalj når ein flytter dei einskilde hytter nokre meter i det dei er betre kjent i område. Dei ville også ha vore med T.H. på synfaring for å kunne ha forsvart hytteplasseringane.

BUSKERUD FYLKESKOMMUNE - PLAN OG NÆRINGSKONTORET:
Bebyggelsesplanen er eindel av tidlegare reg.plan og vil gjelde framfor denne.
Byggeområde vest for tomt 88/19 er utvida over stigen, og dei vil rå til at denne planen vert retta opp så den vert i samsvar med reguleringsplanen.

Som regel skal ein regulere til byggeområde berre dei arealene som naturleg høyrer til dei einskilde tomtene, og dei vil difor rå til at tomtegrensene vert innteikna. Dette er i samsvar med § 2 i reguleringsføresegnene.

Ellers peikar dei på at slik spreiing av hyttetomtene gjev ei mindre god landskaps-messig tilpasning og vil sterkt tilrå at hyttene i det sørlegaste område heller vert lagt ut i 3 tungrupper med ei etter måten tett innbyrdes plassering i kvart tun.
Dei påpeikar at det må utarbeidast eigne reguleringsføresegner for bebyggelsesplanen og at det ved godkjenningen av planen vert vist til desse.

På plankartet må det påførast teikneforklaring som gjer greie for reg.føremål, streksymbol, kartmålestokk og ekvidistanse. Det må også gjerast greie for vassforsyning og avløpsløysingar. Vasskjeldene bør inn i planen som eigne reg.formål.
Det må takast tilstrekkeleg omsyn til sikring av vasskjeldene.

Dei påpeikar at det vert omstendeleg saksbehandling ved fyrst å behandle reg.plan og så bebyggelsesplan. Dei meinar at reg.planer for fritidshus bør ein detaljere såpass at ein ikkje treng å utarbeide bebyggelsesplanar. Dette meinar dei er sers viktig i snaufjellet i slik at fagetatane kan vurdere den landskapsmessige tilpasningen. Der det er eks.hytter er det viktig for desse eigarane å kunne vurdere konekvensane for sine intresser med ein gong. Om nødvendig kan det i reg.planen lagast kart i fleire målestokkar. For eks. 1 : 1000 for byggeområda.
Plan- og næringskontoret har ingen merknader til kommunestyret vedtek planen, men rår til at merknadene vert innarbeida i planen.

T.SAK 19/89 - FORTS SIDE 2.

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 25. januar 1989

Av 7 medlemer var 7 til stades (møtande varamedlemmer medrekna).

---

T.SAK 19/89 , SIDE 2 - FORTS. FRA SIDE 1

UNIVERSITETET I OSLO - OLDSAKSAMLINGEN: Det er registrert hustufter frå middelalderen innanfor byggeområde. Desse er merka av eit medlem frå historielaget i Ål. Folk frå oldsaksamlingen vil synfare område til våren.

FYLKESKONSERVATOREN I BUSKERUD: Ingen merknad. Han kjenner ikkje til kulturminner i område, men om slike vert oppdaga skal i fylgje Kulturminnelova alt arbeide stansast inntil område er undesøkt.
Frå vassdragsreguleringar kjenner han til at det er spor frå steinaldermenneske rundt fjellvatna.

HOVEDUTVALET FOR KULTUR: Dei syner til brev frå Ola Ellingsgard og ber om at ikkje noko arbeid vert sett i gang før område er er nøye undersøkt med tanke på fornminner.

HOVEDUTVAL FOR NÆRING_ RERSURS OG MILJØ: Ingen merknad utover det som er sagt i deira sak 39/88, der dei peikar på at slike saker må leggjast fram så tidleg at utvalet - som friluftsnemnd - får høve til synfaring.

LANDBRUKSNEMNDA I ÅL: Ingen merknader.

FYLKESLANDBRUKSKONTORET I BUSKERUD: Ingen merknad. Frådeling av tomter under 2 dekar skal avgjerast av landbruksnemnda.

ÅL VILTNEMND: Ingen merknader. Ingen konflikt med viktige viltbiotopar.

HELSE OG SOSIALUTVALET: Ingen merknader. Vil ha tilsendt planer for drikkevatn og kloakk.

ÅL FORMANNSKAP: Ingen merknad til det justerte vedtaket i T.H.

RAGNAR FUGLESANG: Det er registrert to gamle hustufter mellom tomt 2,3 og 4. Han har merka desse etter oppdrag frå Oldsakssamlinga. Han er tilfreds med at utvalget har flytt tomt 16, 15 m mot nordvest.

TORSTEIN TVENGE: Han er misfornøgd med hytteplasseringane generelt avdi dei vil danne silhuett mot horisonten. Han nevner at det er spesielt tre hytter som vil liggje skjemmande til - på toppen av åskammen, som han seier. Det er antagleg tomt 6, 7 og 9 han tenkjer på.

SAKSBEHANDLARS VURDERING:

Eg er samd med Plan og næringskontoret i at denne behandlingsmåten er arbeidskrevjande og omstendleg. For framtida vil vi gå inn for metoden dei skisserer.

Vi burde hatt med ein representant frå sameiga når vi var på synfaring, slik at dei hadde høve til å forsvare hytteplasseringane. Men på ei anna side hadde ein vel ikkje vurdert plasseringane så fritt om rep. frå grunneigarane hadde vore med.
Vedr. hytteplasseringane er vi kanskje ikkje så usamde likevel. Dei er samd i flytting av nr. 12, og nr. 9 vil bli lik planen. Vedr. nr. 16 og snøforholda er det å si, at det er vanskleg å vite korleis snøen legg seg. Det kan variere frå år til år.

T.SAK 19/89 - FORTS. SIDE 3

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 25. januar 1989

Av 7 medlemer var 7 til stades (møtande varamedlemmer medrekna).

---

**T.SAK 19/89 SIDE 3 - FORTS. FRA SIDE 2**

Men er det årvisst ei fonn her, er det vel ikkje rett å flytte denne hytta. Det same gjeld vel for nr. 15, sjølv om eg syntest det var lettare å få å lagt den fint i terrenget ved å flytte den.

Eg vil gå inn for at T.H. held fast på vedtaket om å dra hytte 2 og 3 lenger inn på flata.

Når det gjeld påstanden om at nr. 13 og 14 var med på reguleringsplanen, så er ikkje det rett. Det som er vist på den, er eks. hytter.

Plan og næringskontorets ynskje om tungrupper er eg samd i. Eg har hevda dette overfor formann i sameiga og T.H. utan å få gjennomslag for den tanken. Men i det sørlege område, ved tomt 1, 2 og 12 vert det likevel ei slags tungruppe. Kanskje var det ein tanke også å lokalisere tomt 13 og 14 til dette område?

Det var i dette område det var funne hustufter frå historisk tid. I og med dette, kan det ikkje bli utbygging av område før det grundigare undersøkt.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Teknisk hovudutval tilrår Bebyggelsesplanen for Bergsjøstølen sameige godkjent med fylgjande merknader:

1. Tomtegrenser må innteiknast. Avgrensing av byggeområde vert i høve til dette.

2. Område for fornminne regulerast til spesialområde/friområde.

3. Det må utarbeidast eigne reguleringsføresegner for område.

4. Vasskjeldene må markerast og sikrast.

5. Korleis avløpsforholda er tenkt løyst må takast med i reg.føresegnene.

6. Hytte 2 og 3 flyttast i samsvar med t.sak 179/88.

7. Hytte 13, 14, 15 og 16 vert godkjendt slik dei er plassert.

8. Sumarparkeringsplass må teiknast inn på kartet.

9. På plankartet må det påførast teikneforklaring, som gjer greie for reg. føremål, streksymbol, kartmålestokk og ekvidistanse

Endringane er å sjå på som mindre vesentlege, og planen vert oversendt kommunestyret for godkjenning i samsvar plan og bygningslovas § 27-2 nr.1.

<u>Mindretalet (2) røysta for mindretalsframlegg frå A. Nilsen:</u>

Mindretalet ynskjer å få utarbeida planene i samsvar med merknadene frå Buskerud Fylkeskommune i brev av 16.11.88.

T.SAK 19/89 FORTS. SIDE 4.

# UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 25. januar 1989

Av 7 medlemer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

FORTS. T.SAK 19/89. SIDE 4.

FØLGJANDE VEDTAK VART GJORT MED 5 MOT 2 RØYSTER:

Teknisk hovudutval godkjenner bebyggelsesplanen for Bergsjøstølen sameige med fylgjande merknader:

1. Tomtegrenser må innteiknast. Avgrensing av byggeområde vert i høve til dette.

2. Område for fornminne regulerast til spesialområde/friområde.

3. Det må utarbeidast eigne reguleringsføresegner for område.

4. Vasskjeldene må markerast og sikrast.

5. Korleis avløpsforholda er tenkt løyst må takast med i reg.føresegnene.

6. Hytte 2 og 3 flyttast i samsvar med t.sak 179/88.

7. Hytte 13, 14, 15 og 16 vert godkjendt slik dei er plassert.

8. Sumarparkeringsplass må teiknast inn på kartet.

9. På plankartet må det påførast teikneforklaring, som gjer greie for reg. formål, streksymbol, kartmålestokk og ekvidistanse.

Endringane er å sjå på som mindre vesentlege og planen vert kunngjort i samsvar med § 28-2 i plan- og bygningslova så snart merknadene er utført.

Rett utskrift, Ål den 30.01.1989

Laila Pedersen

Laila Pedersen
ktr.flm.

<u>Utskrift går til:</u>
- Bergsjøstølen sameige
  v/Torleif E. Skarsgard
- Div. uttaleorgan og interess.
- Ål formannskap til orientering

9

21 04 89

UNIVERSITETETS OLDSAKSSAMLING
v/Nybruket
Fredriksgt. 2
0164 OSLO 1

OLDSAKSAMLINGEN
J.nr. 001272 24.APR.89
SAKSB. PON ARK.Nr.

Vedr. bebyggelseplan for Bergsjøstølen sameige, Ål i Hallingdal.

Viser til hyggelig telefonsamtale i dag.

Undertegnede har inngått kjøpekontrakt på tomt nr. 3 i nevnte område. I ettertid er det imidlertid brakt i erfaring at det er registrert gamle hustufter på stedet.

Av denne grunn vil jeg være meget interessert i om mulig å være tilstede på befaringen som jeg har forstått skal foregå når det er blitt bart i området.

På forhånd takk.

Med vennlig hilsen

Einar Marstrander

Einar Marstrander
Lore gård
3500 Hønefoss
tlf. 067 35149